



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Dato:** 07.06.2022  
**Tid:** kl 13.00 - 15.00

---

<b>Fremmøtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Audun Ulstein	H	leiar
Kjersti Røyset Topphol	KrF	medlem
Inga Ishild Hareide	UAV	medlem
Øyvind Grimstad	UAV	nestleiar
Greta Kirkebø	V	medlem

### **Møtenotater:**

#### **Frå kommuneadministrasjonen møte:**

Bjørnar Haddal, økonomileiar.

#### **Andre som møtte:**

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 11/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/1178
PS 12/22	Godkjenning protokoll	22/1178
PS 13/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/1178
PS 14/22	Referatsaker	22/1178
PS 15/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/1095
PS 16/22	Kommunale tomtekjøp - kjøpekontrakter	22/909
PS 17/22	Reglement for kontrollutvala og Rettleiar for gjennomføring av møta i kommunen	22/1175
PS 18/22	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021 Hareid kommune	22/1176
PS 19/22	Kommunerekneskapen med årsmelding 2021 - Hareid kommune	22/1177
PS 20/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/1178

Hareid, 08.06.2022

Audun Ulstein

## **PS 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiaren får fullmakt til å endre rekkefølge på sakene. PS 16 vert utsett til sist i møtet, eventuelt utsett til neste møte.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## **PS 12/22 Godkjenning protokoll**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## **PS 13/22 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **PS 14/22 Referatsaker**

### **Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
RS 02	Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid
RS 03	Kontrollutvalsdagen - invitasjon
RS 04	Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren
RS 05	Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF

### **Vedtak:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

## **PS 15/22 Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 16/22 Kommunale tomtekjøp - kjøpekontrakter**

### **Behandling:**

Saka vert utsett til neste møte.

## **PS 17/22 Reglement for kontrollutvala og Rettleiar for gjennomføring av møta i kommunen**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

## **PS 18/22 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021 Hareid kommune**

### **Vedtak:**

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

## **Behandling:**

Dagleg leiar/revisjonssjef i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, Bodill Skeide, orienterte og svarte på spørsmål.

## **Dagleg leiar si tilråding:**

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

## **PS 19/22 Kommunerekneskapen med årsmelding 2021 - Hareid kommune**

### **Vedtak:**

1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 31.05.2022.

2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 6 070 389, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:

- balanse per 31.12.2021
- oversikt over løyvingar til drift og investeringar
- økonomisk oversikt drift med
- tilhøyrande budsjett/budsjettreguleringar og årsoppgjersdisposisjonar
- notar, medrekna viktige rekneskapsprinsipp

3 Kontrollutvalet meiner at dei obligatoriske delane i årsmeldinga kan godkjennast.

## **Behandling:**

Økonomileiar Bjørnar Haddal orienterte og svarte på spørsmål.

## **Dagleg leiar si tilråding:**

1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 31.05.2022.

2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 6 070 389, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:

- balanse per 31.12.2021
- oversikt over løyvingar til drift og investeringar
- økonomisk oversikt drift med
- tilhøyrande budsjett/budsjettreguleringar og årsoppgjersdisposisjonar
- notar, medrekna viktige rekneskapsprinsipp

3 Kontrollutvalet meiner at dei obligatoriske delane i årsmeldinga kan godkjennast.

## PS 20/22 Saker til eventuell seinare behandling

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren i neste møte orientere om igangsette tiltak vedkomande utbygging i Nesselva Friluftsområde. Kontrollutvalet ber om skriftleg dokumentasjon på at alle lover og reglar er i varetekne. I tillegg vil kontrollutvalet ha kopi av alle løyver for innkrep i fauna, lyssetjing i området, sperring av elveløp og endringar som er utført i sjølve elva. Dei skriftlege tilbakemeldingane må ligge føre innan 25.08.2022.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren gi tilbakemelding på PS06/22 kostnadsoverslag på Fotballhallen. Innan 25.08.2022.
3. Kontrollutvalet ynskjer å få på saklista til neste møtet Vassledning på Riise.
4. Kontrollutvalet vil ta opp statsforvaltaren sitt tilsyn på internkontroll og skulemiljø når endeleg rapport ligg føre.

### Behandling:

Øyvind Grimstad kom med desse opplysningane:

#### **"Utbygging i Nesselva Friluftsområde.**

*I kommunal regi foregår det ei utbygging i Nesselva, et statlig sikra friluftsområde.*

*Utbygginga innebærer etablering av parkeringsplass og offentlig toalett.*

*Videre er det etablert en bro over elva og en lyssatt grus vei ned til nedre del av friluftsområdet.*

*Det er også utført store inngrep og endringer i selve hovedelven der eksisterende gyteplasser for laks og ørret er fjernet og nye kulper er etablert. Sidegreiner til elven i nedre del av friluftsområdet er fylt igjen med den konsekvens at elvene er tørrlagte. Dette er også elveløp som laks og ørret gyter i.*

*Blokkeringen av sidegreinene vil også stoppe den naturlige tilførselen av vatn til faunaen i området og endre denne. Det er også dokumenter med funn at Nesselva var nytta i steinalderen. Et slikt funn setter en del krav til hvilken type inngrep/tiltak som kan utføres i området uten varsling.*

*Utbyggingen i Nesselva Friluftsområde er utført uten medvirkning fra brukere av området og plankart som viser tiltaka for området er ikke kjent for noen.*

*Kontrollutvalget ønsker derfor en redegjørelse på neste møte fra kommunedirektøren om tiltaka som har blitt igangsatt og ber om skriftlig dokumentasjon på att alle lover og regler er blitt ivaretatt. Dette innebærer også kopi av alle løyver gitt for inngrep i fauna, lyssetting i området og sperring av elveløp og endringer utført i selve elven."*

Kontrollutvalet etterlyser tilbakemelding frå kommunedirektøren på PS06/22:

*Kontrollutvalet ber kommunedirektøren legge fram det spesifiserte opphøvelege kostnadsoverslaget som vart politisk vedteke med tilhøyrande justeringar, samanstillt med faktiske kostnadar ved prosjektslutt. Om mogleg må dette ligge føre til møte i kontrollutvalet 01.06.2022.*